SAK 15/26 BUDSJETT 2027 OG ØKONOMIPLAN 2027 - 2030 – HALLINGDAL ETABLERERTENESTE

Saksopplysning:
Etablerertenesta er ein del av Regionrådet, men har eige budsjett og eige rekneskap. Budsjettet for Hallingdal etablerersenter skal vedtakast av Hallingtinget. Driftsbudsjettet for 2027 tek utgangspunkt årsbudsjett 2026, rekneskap for 2025 og vedtak fatta i driftsåret 2026.

Budsjettet til etablerartenesta er på omlag same nivå no som for tre år sidan, etter at det vart redusert med 10 % i 2024. Nesbyen kommune gjekk ut av etablerartenesta frå 2026. Me legg derfor fram eit budsjett fordelt på 5 kommunar, men kan gjera ein rask endring om Nesbyen kommune ønskjer å koma attende.

I 2025 var det 119 aktive prosjekt som fekk rådgjeving frå etablerertenesta. Dette var ny rekord, og det ser ut til å ligge på om lag same nivå i 2026. Tabellen under viser data:

	Hol	Ål	Gol	Hemsedal	Nesbyen	Flå	totalt
2025	30	28	17	22	14	8	119
2024	15	28	18	18	9	2	90
2023	14	23	17	10	19	6	89
2022	15	16	13	7	5	2	58
2021	13	18	12	20	4	3	70

Vurdering:
Næringsutvikling er eit hovudsatsingsområdet i Regionplan for Hallingdal: Etablerartenesta er ein del av dette, og eit viktig verkemiddel for å støtte nye verksemder og gründarar i oppstartsfasen. Tenesta tilbyr gratis rettleiing, kompetanse og rådgiving som bidreg til å redusere usikkerheit og styrkje grunnlaget for berekraftig drift. Som tabellen viser, er det stor gründaraktivitet i dalen. Me er sikre på at ei teneste som rettleier nyetablerarar og motivere fleire til å realisere forretningsidéane sine vil vise seg i fleire arbeidsplassar, betre lønsemd og større skatteinntekter for kommunane.
Ei ny bedrift i ei kommune er viktig for dei andre kommunane i Hallingdal. Det er derfor eit strekt ønskje frå etablerartenesta og andre som jobbar med næringsutvikling i dalen at også Nesbyen sluttar seg til tenesta att. Dette må blir opp til Nesbyen sjølv, men administrasjonen synes det er eit viktig signal å gi.

Forslag til vedtak
Regionrådet rår Hallingtinget til å gjera framlegg om at kommunane vedtek driftsbudsjett 2027 for Hallingdal etablerersenter, med ei kommunal finansiering på kr. 1180 000

Hallingdal 22. okt. 2026

Jan Olav Helling
Dagleg leiar

Vedlegg 1: Forslag til driftsbudsjett for 2026.
Vedlegg 2: kommunevis fordeling

Vedlegg 1

Hallingdal Etablerersenter budsjett 2027

		Budsjett 2027	Budsjett 2026	Regnskap 2025
Kostnader				
10303	Lønn utan fast heimel	905000	866000	999 886
10900	Pensjonsinnskot KLP	153000	150000	161 258
10990	Arbeidsgjevaravgift	112000	108000	123 198
11000	Kontormateriell	5000	7000	797
11151	Bevertning	7000	5000	7 993
11301	Telefontenester	5000	6000	1 685
11302	Datakommunikasjon	10000	10000	32 756
11402	Reklame og profilering	15000	15000	14 375
11500	Opplæring	20000	11000	30 560
11600	Skyss/kostgodtgjersle	45000	20000	45 867
11851	Forsikringa - personell	0	3000	0
11900	Husleige, leie av lokalar	25000	13000	5695
11950	kontingenter/lisensar	4000	12000	2 940
12000	Inventar	0	10000	-
12002	IT-utstyr	0	10000	-
12005	Leasing av utstyr	14000	4000	3 744
SUM kostnader		**1320000**	**1250000**	**1 430 754**
17300	Tilskot frå fylkeskommunar	-100000	-100000	113 591
17501	Refusjon frå kommunar	-1 180 000	-1 130 000	939 443
17701	Refusjon frå private	-40000	-20000	77 000
SUM inntekter		**-1 320 000**	**-1 250 000**	**1 130 034**

Vedlegg 2

ETABLERERTENESTA FOR HALLINGDAL, FORDELING AV KOSTNADER FOR 2026

FORDELING AV KOSTNADER TIL DRIFT:

30 % flat fordeling

70 % etter folketal (utgang 2. kvartal 2025)

BUDSJETT 1 130 000

TILSKOT FRÅ FYLKET

Folketal utgang 2. kvartal 2025 *5,50

BUDSJETT 100 000

KOSTNAD PR. KOMMUNE:

Kommune namn	Innb.	1. halvår	2. halvår	Kommune 2026	Fylket 2026	Totalt 2026	kommune 2025
Flå	1122	58 495	58 495	116 991	6 219	123 210	94 656
Gol	4884	140 963	140 963	281 925	27 070	308 995	227 627
Hemsedal	2683	92 714	92 714	185 428	14 871	200 299	148 819
Ål	4823	139 625	139 625	279 251	26 732	305 983	226 987
Hol	4530	133 202	133 202	266 405	25 108	291 513	214 433
SUM	18042	565 000	565 000	1 130 000	100 000	1 230 000	912 522